



**Jobbnorge-ID:** 117056

**Søknadsfrist:** Closed

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## SAP BASIS-konsulent

### **Ønsker du nye utfordringer innanfor SAP Basis i eit av Noregs største fagmiljø i Oslo?**

DFØ vurderer nye løysingar og ny teknologi innanfor ramma av SAP ERP (HR) og SAP NetWeaver, og benytter programvare frå Neptune Software for å gjere mobile løysingar tilgjengelege for SAP HR. Vi søker derfor ein SAP Basis-medarbeider som vil vere seksjonens tekniske ekspert i systemmiljøet vårt i SAP. Dette består av SAP kjernesystem (back end) ERP 6.0 EhP7, Netweaver Enterprise Portal 7.4, SAP PO og Solution Manager 7.1.

Ein ekstern leverandør driftar SAP-installasjonen vår.

### **Sentrale arbeidsoppgåver vil vere å**

- hjelpe til med design og kvalitetssikring av SAP teknisk arkitektur
- konfigurere og feilrette
- kommunisere med SAP
- samarbeide med DFØs driftsleverandør for SAP
- delta i prosjekt og oppgraderingar

Vi kan tilby eit stort og kompetent fagmiljø. Kompetansedeling og teamarbeid er ein naturleg del av kvardagen vår, og stillingane gir gode høve til fagleg utvikling innanfor fleire funksjonsområde.

Stillinga er organisert i lønnsavdelinga, i seksjon for applikasjonsforvaltning, og seksjonen består av 33 medarbeidarar med ulik fagleg bakgrunn og god spreing i alder og kjønn. Seksjonen har ansvar for å forvalte og utvikle SAP HR-løysinga vår. Vi er ekspertorganet i SAP-forvaltninga i DFØ og har tredjelinjessupport i feilretting og konfigurering i systemet. Forvaltingsmiljøet vårt er av SAP Norge sertifisert som Customer Center of Expertise.

Vi leverer tenester til 230 statlege verksemdar. Portalløysinga vår har ca. 70 000 brukarar dagleg, og i 2014 blei det produsert om lag 183 000 lønns- og trekkoppgåver.

I SAP HR nyttar DFØ følgjande modular: PA/OM, norsk lønn (PY-NO), tid (PT), inkl. tidsregistreringsmodul (CATS). I tillegg nyttar DFØ andre modular som reise, portal (ESS, MSS), arbeidsflyt og delar av FI/CO. Per i dag blir Solution Manager nytta som servicedesk.

### **Kvalifikasjonskrav:**

- 3-5 års relevant høgskule- eller universitetsutdanning. Relevant erfaring kan kompensere for manglande høgare utdanning.
- SAP Basis erfaring
- Gode evner innanfor heilskaps- og konsekvenstenking
- Liker faglege utfordringar
- Positiv serviceinnstilling
- Kan arbeide sjølvstendig og i team
- Ansvarsbevisst

Det er ein fordel om du har erfaring frå éin eller fleire SAP-modular og at du har deltatt i migreringsprosjekt tidigare. Det er også ønskeleg at du har erfaring med oppfølging og forvaltning av leverandøravtaler, og at du har kjennskap til rammeverk som ITIL og CHARM.

Stillinga vil bli plassert som seniorrådgivar, lønnstrinn 65-78 (p.t. kr 560 700-kr 734 700) avhengig av utdanning og erfaring. Frå lønna blir det trekt 2 prosent til Statens pensjonskasse. Ved tilsetjing er det 6 månader prøvetid.

### **Vi kan vidare tilby gode vilkår som:**

- romsleg arbeidsmiljø
- konkurransedyktig lønn
- overtidsbetaling
- fleksitidsordning (med sommar-/vintertid)
- god pensjonsordning

Vi held til i flotte lokale i Paleet på Karl Johans gate i Oslo sentrum. Vi har kantine og treningsfasilitetar i tilknytning til lokala.

DFØ legg vekt på mangfald, og vi oppfordrar alle kvalifiserte til å søkje, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonalitet eller etnisk bakgrunn. DFØ er ei IA-verksemd, dermed vil vi om nødvendig leggje forholda til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Meir informasjon om DFØ finn du på heimesida vår, [www.dfo.no](http://www.dfo.no).

Eventuelle spørsmål kan rettast til forvaltingsansvarleg Laurent Sauret ([laurent.sauret@dfo.no](mailto:laurent.sauret@dfo.no)), telefon 982 95 739, eller seksjonssjef Gunn Merete Hebæk ([gunnmerete.hebaek@dfo.no](mailto:gunnmerete.hebaek@dfo.no)), telefon 932 42 776.

Søknadsfrist: 21.september 2015

**Søk på stillinga**

Klikk på den grønne knappen "Søk stillinga" øvst på sida for å søkje på stillinga.

**Tilleggsinformasjon**

**Arbeidssted:**